



DEN NORSKE KIRKE
Hol sokn
Hol og Hovet Sokneråd

HOL KIRKEKONTOR
Geilo kulturkyrkje
Skurdalsvegen 22, 3580 Geilo
Tlf. 32 09 69 30
Faks 32 09 69 31
Org.nr: 976 990 048

REFERAT FRÅ MØTET I SOKNERÅDET 24. AUGUST 22

Til stades: Kjell Haugo, leiar, Ole Bjørn Kleven, Tove Skogly og Knut Medhus. Gro Augunset, Rita Kleiv og Brit Kaupang hadde meldt forfall.

Sak 23/2022 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Ole Bjørn Kleven meldte inn to saker under eventuelt:

- Alternativ oppvarming av Hol kyrkje
- Alternativ lås på Hol kyrkje med sikte på å kunne halde den meir open

Sak 24/2022 Konfirmantarbeidet 2022/2023

Kjell refererte frå skriv sendt ut av Ann Kristin. Fyrste samling er sundag 4.9. i Dokken og Hol og Hovet sokn stiller med følgjande mannskap:

Tove bakar 2 kaker og undersøker om t.d. Britt kan baka i tillegg

Knut Medhus er medliturg og kaffikokar

Ole Bjørn er klokkar og teknisk ansvarleg

Bjørn Seim er medhjelpar, mogleg også Gro og Rita om dei kan ta del.

21. og 22. 9: Pilegrimsvandring på Geilo:

Soknet stiller med Ole Bjørn 21. 9. Knut M 22.9. Arbeidsoppgåver blir tildelt seinare

16.10. Konfirmantpresentasjon i Hol kyrkje. Arbeidsoppgåver er fordelt...

Styret var samde om at ein sløyfer messe under Haustmarknaden i Hol i år grunna endring av dato for marknaden. Korleis ein kan integrere kyrkja i marknaden framover blir å drøfte seinare.

Sak 25/2022 Oppsummering av sommerkonsertene/open kyrkje

Tove Skogly orienterte. Konklusjon: Arrangementa gjekk svært greitt i alle ledd, flinke frivillige medarbeidrarar, enkle artistar å forhalde seg til, gode attendemeldingar frå både publikum og artistar. Samarbeidet med utstillerane i Tingstugu var positivt, likeeins at Stundo heldt ope før konsertane.

Kjell la fram nesten ferdig rekneskap som viser eit overskot på om lag 40 000 kr som litt under målsettinga.

Vidare fram: Årets gruppe kan ta ansvar også for neste sommar, men ber om at den blir forsterka med ein person. Ein må vurdere konsertstart 1930. Møtet var samde om at ein må gjera alt ein kan for å få artistar på plass så snart som råd. Skal ein ha ein nasjonal artist, må ein søke støtte hos Kulturrådet og fylkeskommunen.

Sak 26/2022 Drøfting rundt felles sokneråd i Hol Kommune

Knut M orienterte om saka som vart drøfta i Fellesrådet i dagens møte. Der kom fram ein del nye problemstillingar som no blir sendt over til sokneråda for drøfting og vedtak. Saka blir teke opp på neste møtet i soknerådet.

Sak 27/2022 Rekneskap pr dato

Regnskapen for sommarkonsertane er nesten ferdig, hovudrekneskapen er litt forsinka.

Sak 28/2022 Eventuelt

- a. Arbeidet med Hol kyrkje. Kjell Haugo orienterte. Arbeidet med beplantning er no kome i gang og minnelund vil bli gjort ferdig i haust.
- b. Oppvarming av kyrkje. Ole Bjørn la fram ein del tankar om gjenbruk av varmlufta som legg seg oppunder taket samt montering av solcelleanlegg på taket som vender som sør. Han drøftar dette vidare med kyrkjevergen.
- c. Ole B la fram tankar om å legge til rette for bruk av Visakort for opning av døra, noko som også gjer at me får registrert kven som er der og kor mange i løpet av sesongen. Det kan også leggast til rette for at brukarane på den måten kan gi gåve til kyrkja. Sak 4: Open kyrkje.
- d. Prosjektet om åpen kyrkje kom litt brått på og vart lite førebudd, men det har løyst seg på ein god måte, det har vore god oppslutning og bør om mogleg utvidast neste sommar. Ein bør også vurdere om Hovet kyrkje skal vera med.
- e. Knut ba om at referatet blir sendt alle sokneråda slik at vi blir litt betre kjent med kva vi driv på med i dei ulike sokna.

Hol 24.08.2022

Knut Medhus
Referent